

Våren er komen, men kor er vipa ?

07.05.2018



Vipa er ein raudlista trekkfugl og har vore fast gjest i Uskedalen kvart år.

Hans Reidar Kjærland har kvart år registrert at vipa har vore fast gjest og hekka på bakkane. Vipa kjem som den fyrste trekkfuglen, alt så tidleg som i februar/mars månad. Ho lagar seg reir og legg 2 - 4 egg. Hans Reidar har kvart år gledd seg å sjå vipa på plass, spankulerande gjennom det spirande graset der ho prøver å lokka menneske vekk frå reiplassen. Les meir kva Kjærland skriv om vipa.

Vipa, ja, det er våreteiknet det. I år har eg for første gong ikkje sett ei einaste vipe på mine eigedommar. Vi veit at vipa er i tilbakegong langs heile kysten. Sidan 2015 har vipa vore raudlista som "sterk truga" fugleart her til lands. Det ville vera skikkelig synd om den vart borte frå faunaen og kulturlandskapet i Uskedalen.

Visste du at vipa, som hekkar i Noreg, overvintrar i Frankrike, Spania og Nord-Afrika. Vipa vert rekna som fylkesfugl i Rogaland. Time kommune har dessutan vipa som motiv i kommunevåpenet. Arten vart også vald til «Årets fugl» i Noreg to gonger, både i 1994 og i 2012. Vipa er ein av 24 artar i vipeslekta og den inngår i lofamilien.

Vipa har nok mange fiendar både i lufta og på bakken – kråke, rovfugl, rev, mink og mår, til dømes.

Eit aktivt landbruk, vekselbruk, pløyning og gjødsling – at det ikkje gror igjen – det er viktig for vipa.

Vi som er bønder må passa på at vi ikkje øydelegg reira når vi pløyer og gjødslar om våren. Sjølv ser eg alltid ut kor reira er plasserte før eg starta med våronna på dei jordene som eg veit vipa legg egg på. Då dekkar eg til eggja, kjører utanom eller om naudsynt flyttar reiret nokre meter slik at det ikkje vert øydelagt. Oppmodinga til andre bønder er å ta vare på vipa noko eg trur dei fleste alt gjer.

Det hadde vore kjekt å få høyra frå andre i bygda om nokon har sett hekkande viper her i år.

Tekst/foto: Hans Reidar Kjærland

Nett: Kristian Bringedal



Vipa legg 2 - 4 egg i det spirande graset.